



Frå Englafjell mot fjorden. (Foto: Harald Sætre)

**Torsdag held Kvinnherad Turlag årsmøtet sitt på Husnes og då føreligg også turprogrammet for dette året. Det lokkar mellom anna med fleire spanande turar i Uskedalsfjella og vert å finna mellom anna i sportsbutikkane, biblioteket og turistkontoret..**



På Geitadalstind, mot Englafjell. (Foto: Nelly Oline Kjærland)

- Den første turen er den tradisjonelle skituren på Ulvanåso som dette året går 5. april. Ruta er den same som før, opp Tveitedalen og via Dyrrindo til Høgetinden og retur same vegen. Sigve Solheim og Rune Slettebakken er turleiarar.
- 19. april bli det vårskitur over fleire toppar etter denne ruta: Tveitedalen-Ulvanåso-Fagerskar-Mjelkhaug-Nordfjell. Her blir det noko ski-bering, blir det opplyst. Erlend Hellingsrud og Tor Vidar Sæle er turleiarar.
- Friluftsdagen ved Fjellandsbø, som har vorte ein årleg tradisjon, blir dette året avvikla 16. august. Her blir det som før ein vrimmel av fritidsaktivitetar og Barnas turlag legg til rette for overnatting i indianarleir frå laurdagen.
- 13. september bli det tur til Englafjell via Tveitedalen og Børsdalen. Kjell Yri og Mona Enes er turleiarar.

Av Ola Matti Mathisen





Børsdalen mot Uskedalen. (Foto: Jan Morten Myklebust)